



Gunn Mari Moberg presenterte Uskedal Utvikling med ei naturleg og god framføring.

**Bra besøk under tilflyttartreffet i festsalen i Kulturhuset Husnes i ettermiddag er bevis på at det stadig er folk som vel å flytta til den vakre kommunen vår. Nyinnflytta innbyggjarar fekk oppleve eit variert program som presenterte Kvinnherad på ein god måte gjennom ord, bilete og tonar. God servering var det òg!**



Tina R. og Øystein Eik er aktive på mange felt. Dei presenterte m.a. klatregruppa i Uskedalen.

Kulturskulen vart presentert gjennom fleire elevinnslag. Eit gitarorkester, leia av lærar Ingvald T. Nilsen-Nygaard, gav samlinga ein flott musikalsk start då dei framførte 4 nummer. Seinare i programmet fekk vi eit nydeleg pianonummer av dyktige Jan Halvor Moss, elev av Yuko Shuto.



Jan Halvor Moss er alt ein dyktig pianist.

Ordførar Peder Sjo Slettebø hadde ein flott velkomsttale der han presenterte kommunen og det den har å tilby på ein framifrå måte. Sjølv flytta han frå kommunen som 16 åring, men vel 20 år gammal hadde han funne ut at det var her han ville bu, og flytta heim att. Han hadde mange gode tips om tibod til nytilflytta og eitt av dei var å engasjera seg i arbeidet med Festidalen. Litt seinare fulgte konstituert rådmann Torstein Årthun godt opp då han tok utgangspunkt i sin eigen situasjon. Han flytta hit for 15 år sidan for å ha Kvinnherad som ein mellomstasjon nokre få år før familien flytta vidare. No har dei slett ingen planar om å flytta.





Svein Rimestad og Gjertrud Sydnes Furdal sat på stand for Røysterett for Alle

Det var eit godt utval av presentasjonar. Uskedal Utvikling var det utvalde bygdelaget i år, og leiar Gunn Mari Moberg hadde ein god og passe kortfatta presentasjon av aktivitetane som laget står bak, samstundes som ulike nyhetssider frå uskedalen.no vart vist på bakteppet. Også i år presenterte Kjell Yri det gode tilbudet som Kvinnherad turlag har.

I tillegg til dei to uskedelingane fekk vi høyre Yngve Olsen fortelje om sin veg fram til at han i dag driv Yngves konditori og Pizzabakeren på Husnes i tillegg til at han har glutenfritt bakeri. Nyetablerar, bonde og aktiv på mange felt, Tina Constance Rosvold Eik frå Rosendal fortalde om det spesielle og spanande gardsprosjektet ho og mannen Øystein er i gang med etter at dei har flytta heim frå Bergen. Jarle Bruntveit fortalde om tilbudet til Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag.

Uskedalen var også godt representert i den kulturelle biten. Røysterett for Alle framførte 4 songar dirigert av Ingvild Toskedal. Koret var også representert med presentasjonsstand. Også klatregruppa vart presentert ved at dei hadde stand saman med fjellsportgruppa i turlaget og med Fonna svømme og livredningsklubb. Tina R. og Øystein Eik sytte for å gjera desse aktivitetane kjende. Også Kjell Yri stod på stand som leiar i Kvinnherad turlag. Totalt var om lag 10 aktivitetstilbod presentert ved at lag hadde standar.

Som alltid var det uttrekking av prisar til dei frammøtte tilflyttarane. Kvinnherad kommune sin tilflyttarpris på 10.000 kr gjekk til heldige og unge Aurora Zimina, medan andre var heldige og vann prisar frå Tysnes Sparebank (gåvekort på 1000 kr. og 2 termokoppar), Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag (fiskestong/sluksett og kniv), Sparebank1 Sr-bank (Ipad) og Sparebanken Vest (2 gåvekort à 2.500 kr).

Serveringa var og god! Pizza frå Pizzabakaren, gode lappar, saft og kaffi fall i smak. Etter å ha snakka med ein del tilflyttarar, kan eg trygt gje samlinga på vel 2 timar god karakter. Dei sette stor pris på informasjonen, og dei rosa tiltaket. Karin Thauland frå Kvinnherad kommune og Kristine Røyrvik frå Kvinnherad Næringservice stod i brodden for avviklinga av det gode arrangementet.



Koret Røyserett for Alle marknadsførte seg godt gjennom framføring av 4 nummer.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland